



DEN NORSKE KYRKJA

Ikorntes sokneråd

Referat frå møte i Ikorntes Sokneråd 10.03.2021

Ikorntes kyrkje kl. 19.30

Til stades: Erlend Lunde, Bergljot Hjortdal, Magnar Vigstad, Janita Kurseth Eikemo, Ellen B Vatne, Ingmund Eliassen og Anita Øvergård

Sak 12/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen innvendinger.

Sak 13/21 Godkjenning av referat frå forrige møte

Godkjent.

Sak 14/21 Faste-aksjonen

Det blir digital innsamling i år også. Janita oppfordrer Erlend til å få konfirmantane til å lage en «reklamefilm» for aksjonen.

Sak 15/21 Givarteneste

Flygeblad skal vere ute i postkassene frå Straumsheim til Gjeveneset i løpet av ei veke. Vi har ca 700 ark for utdeling. Anita har fordelt roder til Ingmund, Marius, Nora, Johanne, Bergljot, Anita, Tone og Stein.

Sak 16/21 Uteareal / parkering når det blir ny vei

Arild Sporsem har vore i kontakt med Teknisk Etat med spørsmål om dette. Dei kunne ikkje svare. Kanskje vi må gå direkte til Hole Maskin for å få vite?

Sak 17/21 Revisjon av ordning for hovedgudsteneste i kyrkja

Soknerådet hadde ingen innvendingar. Erlend avtaler med Rose og kjem med dato for Soknemøtet.

Sak 18/21 Konfirmasjon 2021

Det vert deling mellom mai og september. Sjølv undervisninga blir ferdig til mai. Det er ca 30% som har bestilt i mai, resten blir i september.

Sak 19/21 Konsert / songkveld i kyrkja

Rose planlegg ein konsert i løpet av april. Hallstein Kurseth & co, samt Trio med band. Det blir inngangspenger, kr 200.- (?)



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Sak 20/21 Fellesrådsmøte 4. mars

Ellen informerte vedr. dette, samt planar for diverse tiltak / oppussing / vedlikehald ut 2023. Det ser ut som om mykje kan bli ordning på etterkvart. Kanskje soknerådet må gå gjennom punkta og gjere ei prioritering på kva vi meiner haster mest.

Sak 21/21 Eventuelt

Rekruttering til kyrkja. Det blir stadig mindre barne-kull her i bygda. Når Corona-restriksjonane er over må vi vere kjappe «på» med å starte opp igjen Tweens i kyrkja.

Neste møte: ikkje bestemt

Skrivar, Anita Øvergård